


# GJERSTADFOSSEN KRAFTVERK



## KONSESJONSSØKNAD

Johannes Gjerstad

## Konsesjonssøknad

NVE - Konsesjons- og tilsynsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

## Søknad om konsesjon for bygging av Gjerstadfossen kraftverk

Gjerstadfossen Kraftverk AS ønsker å utnytte vassfallet i Gjerstadfossen, som er ei grein av vassdraget 060.4Z Loneelva i Osterøy kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

### 1. Etter vassressurslova, jf.§ 8, om løyve til:

- Å byggje Gjerstadfossen kraftstasjon på Gjerstad

### 2. Etter energilova om løyve til:

- Bygging og drift av Gjerstadfossen kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden. Vedlagte utgreiing gir alle nødvendige opplysningar om tiltaket.
- Anleggskonsesjon for bygging og drift av 22 kV jordkabel og elektrisk anlegg som skildra i søknaden

Med venleg helsing



Johannes Gjerstad  
5282 Lonevåg  
[johgje@hfk.no](mailto:johgje@hfk.no)  
Tlf 91817214

## Samandrag

Gjerstadfossen kraftverk AS vil bli eigd av grunneigar Johannes Gjerstad og fallrettseigar Osterøy Kommune. Det vil utnytte et felt på 8,4 km<sup>2</sup> av Loneelva (vassdragnr 060.4Z) sitt nedslagsfelt i et 178 m høgt fall mellom kote 239 og kote 61. Det vert eit inntak på kote 239 utan magasinering og ei nedgravd røyrgate med indre diameter 600 mm og lengde 730 meter ned til kraftstasjonen på kote 61. Lengde av råka elvestrekning er 820 meter. Kraftstasjonen vert plassert inntil elveløpet, og det vert ein 450 meter lang nedgravd kabel til gamle Gjerstad sekundærstasjon. Årsproduksjonen er berekna til 5,08 GWh.

Ettersom Loneelva er freda, blir det søkt om å få installert ein turbin med effekt på 990 kW. Denne vil ha slukeevne på 700 liter/sekund, og dermed utnytte 75% av middelvassføringa. Med ei slik slukeevne, og med minstevassføring på 52 liter/sekund, vil kraftverket utnytte 44% av tilsiget.

Utbygginga kjem i liten grad i konflikt med vernegrunnlaget for Loneelva. Kvalitetane som naturmangfald knytt til elveløpsformer, laks og vassfuglar vert i liten grad påverka. Ingen raudlistearter vart funne under synfaring av biolog. Nedslagsfeltet til Loneelvi er 58 km<sup>2</sup>, så utbygginga berører berre 15% av dette.

Fossen har landskapsmessig verdi, men berre den nederste biten er synleg frå bygda, og det er mange andre fossar i vassdraget. Mange dagar i året vil det vere stor vassføring også etter utbygginga, det vil vere meir enn minstevassføring 140 dagar per år.

Tiltaket vil ikkje røre inngrepsfrie naturområde (INON). Det vil heller ikkje kome i konflikt med landbruksinteresser. Det er lite friluftsliv langs den utbygde elvestrekninga, og utbygginga vil bli gjennomført på ein omsynsfull måte. Kraftstasjonen vil bli oppført som ei tradisjonell utløe. Osterøy vidaregåande skule og Osterøy Ungdomsskule har blitt invitert til å bruke kraftverket i undervisning.

Det er planlagt slepp av minstevassføring på 52 liter/sekund heile året. Dette tilsvarer alminneleg lågvassføring. Det er også planlagt utsetting av rugekasser for fossefall.

Konsekvensutredninga viser at tiltaket samla sett vil ha middels negativ konsekvens for biologisk mangfald, og at konsekvensane vil bli mindre negative ved avbøtande tiltak som forbislepp av minstevassføring og andre tiltak som skildra i kap. 4.

Fylke	Kommune	Gnr	Bnr
HORDALAND	OSTERØY	29	3, 7 og 15
Elv	Nedslagsfelt km <sup>2</sup>	Inntak kote	Utløp kote
GJERSTADELVA	8,4	179	61
Slukeevne maks	Slukeevne min	Innstallert effekt	Årleg produksjon
700 l/s	35 l/s	990 kW	5,08 GWh
Utbyggingspris: 2,70 kr/kWh		Utbyggingskostnad: 15,6 mill kr	

## Innhald

Søknad om konsesjon for bygging av Gjerstadfossen kraftverk.....	2
<b>Samandrag</b> .....	3
1 <b>Innleiing</b> .....	6
1.1 <b>Om søkjaren</b> .....	6
1.2 <b>Grunngjeving for tiltaket</b> .....	6
1.3 <b>Geografisk plassering av tiltaket</b> .....	6
1.4 <b>Skildring av området</b> .....	8
1.5 <b>Eksisterande inngrep</b> .....	9
1.6 <b>Samanlikning med nærliggjande vassdrag</b> .....	9
2 <b>Omtale av tiltaket</b> .....	9
2.1 <b>Hovuddata</b> .....	9
2.2 <b>Teknisk plan for det søkte alternativet</b> .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2.2.1 <i>Samandrag</i> .....	11
2.2.2 <i>Hydrologi og tilsig</i> .....	11
2.2.3 <i>Inntaket</i> .....	17
2.2.4 <i>Minstevassføring</i> .....	20
2.2.5 <i>Røyrgate</i> .....	21
2.2.6 <i>Tunnel</i> .....	22
2.2.7 <i>Kraftstasjonen</i> .....	22
2.2.8 <i>Vegbygging</i> .....	23
2.2.9 <i>Nettilknytning (kraftliner/kablar)</i> .....	23
2.2.10 <i>Massetak og deponi</i> .....	23
2.2.11 <i>Køyremønster og drift av kraftverket</i> .....	25
2.3 <b>Kostnadsoverslag</b> .....	25
2.4 <b>Fordelar og ulemper ved tiltaket</b> .....	26
2.5 <b>Arealbruk og eigedomsforhold</b> .....	27
2.6 <b>Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar</b> .....	28
2.6.1 <i>Kommuneplan</i> .....	28
2.6.2 <i>Samla plan for vassdrag (SP)</i> .....	28
2.6.3 <i>Verneplan for vassdrag</i> .....	28
2.7 <b>Alternative utbyggingsløyningar</b> .....	30
2.8 <b>Usikkerhet i data og berekningar</b> .....	31
3 <b>Verknad for miljø, naturressursar og samfunn</b> .....	32
3.1 <b>Hydrologi (verknader av utbygginga)</b> .....	32
3.2 <b>Vasstemperatur, isforhold og lokalklima</b> .....	34
3.3 <b>Grunnvatn, flaum og erosjon</b> .....	34
3.4 <b>Ras, flaum og erosjon</b> .....	35
3.5 <b>Raudlisteartar</b> .....	36
3.6 <b>Terrestrisk miljø</b> .....	36
3.7 <b>Akvatisk miljø</b> .....	36
3.8 <b>Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag</b> .....	36
3.9 <b>Landskap og inngrepsfrie naturområde</b> .....	37
3.10 <b>Kulturminne og kulturmiljø</b> .....	40
3.11 <b>Reindrif</b> .....	40
3.12 <b>Jord og skogressursar</b> .....	40

3.13	Ferskvassressursar .....	40
3.14	Brukarinteresser.....	40
3.15	Samfunnsmessige verknader .....	40
3.16	Kraftliner.....	41
3.17	Konsekvensar ved brot på dam og trykkøyr .....	41
3.18	Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysingar .....	41
3.19	Samla vurdering .....	41
3.20	Samla belastning.....	42
4	Avbøtande tiltak .....	43
5	Referansar og grunnlagsdata.....	44

# 1 Innleiing

## 1.1 Om søkjaren

Søkjjar er Gjerstadfossen Kraftverk AS. Selskapet er eit selskap under stifting som skal eigast av grunneigar Johannes Gjerstad og Osterøy Kommune med minst 40% på kvar. Grunneigaren er bonde på Gnr 29, Bnr 7 og 9, så han eig grunnen på begge sider av fossen i det meste av fallet. Osterøy kommune eig fallrettane, denne omfattar også naudsynt grunn til røyrgate, kraftstasjon og vegar. Det er inngått avtale om at kraftverket får leige fallrettane av kommunen.

Jostein Lien eig grunnen der kraftverket er planlagt. Ettersom grunn til røyrgate, kraftstasjon og veg høyrer til fallrettane, har han berre fått ei munnleg orientering. Han stiller seg positivt til tiltaket.

Gjerstadfossen Kraftverk AS vil vere eit selskap under stifting fram til evt konsesjon blir gitt, og aksjonærane vil setje i gang med utbygginga.

Kontaktperson for tiltaket er Johannes Gjerstad, 5282 Lonevåg, tlf 91817214, mailadresse johgje@hfk.no.

## 1.2 Grunngeving for tiltaket

Tiltakshavar ynskjer å bygge kraftverket for å produsere 5,08 GWh rein, fornybar energi og dermed bidra til å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppet globalt. Vidare vil tiltaket bidra til lokal verdiskaping, skatteinntekter, fallrettsleige til fellesskapet og andre inntekter til gode formål. Av den produserte energien vil 57% kome om vinteren (1/10—30/4).


Det var planar om utbygging på 1930-talet, og under krigen ville tyskarane byggje ut fossen.

På slutten av 1990-talet vurderte BKK og Herlandfossen Kraftverk ei større utbygging av elva. Då vart det søkt fritak frå Samla Plan. Denne søknaden vart avslegen, og tiltaket lagt vekk. Etter at Loneelva vart freda, er slike store prosjekt uaktuelle.


Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.

## 1.3 Geografisk plassering av tiltaket


Gjerstadfossen ligg søraust for Gjerstad Kyrkje, i Osterøy kommune, Hordaland, 16 km i luftlinje frå Bergen sentrum. Gjerstadelva er ei grein av Loneelva, vassdrag nr 060.4Z. Nedslagsfeltet til Gjerstadfossen er avgrensa av Stongfjellet, Borgasetra og Vedåfjellet. Kraftstasjonen er planlagt 200 meter sør-søraust for Gjerstad Kyrkje.



Figur 1: Kart i målestokk ca 1:200000



Figur 2: Kart i målestokk ca 1:50000



**Figur 3: Situasjonsskart i målestokk 1:10000**

## 1.4 Skildring av området

Osterøya er ein del av bergartsformasjonen Bergensbogane, med dalføre som går frå søraust mot nordvest.

Gjerstadelva er ei grein av Loneelva, med vassdragnr 640.4Z. Arealet av heile nedbørfeltet til Loneelva er 58 km<sup>2</sup>, og dekkjer jordbruksområde og fjell. Landskapet er kupert med veksling mellom fjell, skog, vatn og våtmarksområde. Fleire fossar er viktige landskapselement. Loneelva har gode fiskebestand og produktiv smoltproduksjon. Klimaet er oseaanisk med årsnedbør 2500 mm-3000 mm.

Det førekjem raudlisteartar i influensområdet, men utbygginga vil ikkje verke negativt for desse.

Kraftstasjonen er planlagt i utkanten av eit område med fulldyrka eng. Røyrgatea vil gå oppover gjennom litt fulldyrka eng, krysse ein traktorveg og tomte til ein kommunal brønn, vidare gjennom kulturbeite, juletefelt, ur og granplantefelt. Over inntaket ligg to gardsbruk, resten av nedbørfeltet er skogsmark, fjellskog og 85% snaufjell. Det er tre små vatn, Storavatnet er det største med 0,25 km<sup>2</sup>. Det er omlag 5 nedlagte stolar i nedbørfeltet, samt nokre spreidde hytter. Det er ikkje stølsdrift i området, men det vert brukt til beite for sau og storfe.

Frå Storavatnet renn elva i slake stryk ned til inntaket. Ved inntaket er det ein kulp. Frå inntaket og nedover går elva i stryk og i tre fossar. Dei to øverste fossane er lite synlege, men den nederste kan sjåast frå bygda og vegen (Fv 566). Langs den berørte elvestrekninga er det lite kulpar.

Botnssubstratet langs utbyggingsstrekninga er grov stein. Elva har så stort fall, og så hyppige flaumar, at finmassar vert vaska vekk.

## 1.5 Eksisterande inngrep

Det er ein kommunal veg opp til garden Hovden, som ligg rett over inntaket. Fram til inntaket er det tømmerbilveg og velteplass, og det ligg ei bru over elva framme på kanten. Området frå inntaket til kraftstasjonen er landbruksområde i full drift, med plantefelt, juletreffelt, beite og tett med traktorvegar. Kraftstasjonen er planlagt rett sør for Gjerstad Kyrkje, her er også vegar, med Fv 566 som går forbi.

BKK Nett har ei 132 kV kraftlinje som går over delar av nedslagsfeltet.

Det er ingen reguleringar i det aktuelle vassdraget.

## 1.6 Samanlikning med nærliggjande vassdrag

Som vassdrag er Loneelva det største i sørvestre delar av Osterøy. Sør og vest for nedbørsfeltet er vassdraga mykje kortare, og heller ikkje så bratte som nord og aust på øya. Ein gjennomgang i 2003 i samband med prosjektet "NETTVERKSBYGGING SMÅKRAFTVERK" viste at nedbørsfeltene og fallhøgdena både innanfor og utanfor Loneelva var mykje mindre enn for Gjerstadfossen. Gjerstadfossen var det einaste prosjektet som kunne gi meir enn 1 GWh i årsproduksjon, og det einaste som kunne ha meir enn 200 kW installert effekt. Det er derfor ingen grunn til å vente andre konsesjonssøknader som gjeld ny småkraftutbygging frå Osterøy.

Det er mange fossar i Loneelva med sidegreiner. Det er ingen planar om utbygging av desse elvene.

Nedbørsfeltet grenser til Herlandsfossen Kraftverk sitt nedbørsfelt i aust. Dette er eit kraftverk frå 1919, som vart utvida i 1995. Då vart nedslagsfeltet 70 km<sup>2</sup>, fallhøgden er 138 m, installert effekt er 13,8 MW og årsproduksjonen er 55 GWh. Kraftverket har eit stort reguleringsmagasin, og nyttar stort sett heile tilsiget. Kraftverket er no eigd av BKK.

I ei energiutgreiing for Osterøy kommune, rullering 2009, kjem det fram at NVE har gjort ei overordna kartlegging av potensial for småkraftverk. I Osterøy kommune er potensialet berekna til 36,7 GWh fordelt på 27 anlegg. Av desse er 10 anlegg og totalt 20,8 GWh estimert til å ha ein kWh pris på under 3 kroner.

Det er i dag ikkje kjent at det er planlagt nokon andre småkraftverk i Osterøy kommune.

## 2 Omtale av tiltaket

### 2.1 Hovuddata

Loneelva er verna vassdrag, dermed er maks effekt sett til 990 kW for å halde prosjektet innanfor grensa på 1 MW. Inntaket er plassert på kote 239, lenger oppe har elva så lite fall at det neppe vil løne seg å flytte inntaket oppover. Avløpet er plassert på kote 61, for å få mest mogeleg trykk på vatnet. Nedanfor kote 61 er elva så flat at det ikkje løner seg å flytte kraftverket lenger ned.

Slukeevne på 700 l/s tilsvarer eit uttak på 75% av middelvassføring, og 44% av vassmengden. Ettersom dette er noko høgt i verna vassdrag, er det utført berekningar på produksjon og kostnader ved lågare slukeevne. Desse er presenterte i tabell 10 side 28.

<b>TILSIG</b>		Gjerstadfossen kraftverk	
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>		8,4
Årleg tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>		29,2
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>		110
Middelvassføring	l/s		930
Alminneleg lågvassføring	l/s		52
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s		61
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s		61
Restvassføring	l/s		17

<b>KRAFTVERK</b>			
Inntak	moh.		239
Magasinvolum	m <sup>3</sup>		0
Avløp	moh.		61
Lengde på råka elvestrekning	m		820
Brutto fallhøgde	m		178
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kwh/m <sup>3</sup>		0,40
Slukeevne, maks.	l/s		700
Slukeevne, min	l/s		35
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s		52
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s		52
Tilløpsrøyr, diameter	mm		600
Tunnel, tverrsnitt	m <sup>2</sup>		
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m		730
Installert effekt, maks	kW		990
Brukstid	timar		5515

<b>PRODUKSJON</b>			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh		3,08
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh		2,00
Produksjon, årleg middel	GWh		5,08

<b>ØKONOMI</b>			
Utbyggingskostnad	mill.kr		13,7
Utbyggingspris	kr/kWh		2,70

### Gjerstadfossen kraftverk, Elektriske anlegg

<b>GENERATOR</b>			
Yting	MVA		1,012
Spenning	kV		0,69
<b>TRANSFORMATOR</b>			
Yting	MVA		1,012
Omsetning	kV/kV		0,69/22
<b>NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)</b>			
Lengd	km	0,43	
Nominell spenning	kV	22	
Luftline el. jordkabel	Jordkabel		

## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

I skildringa vert det teke atterhald for mindre justeringar i røyr diameter, installasjonar osv etter at detaljar rundt pris og tekniske løysingar er klarlagde.

Plassering av inntak, trasè for røyr gate, plassering av kraftstasjon og nettilknytning er vist på kartet. Alt saman er også vist på foto på framsida av søknaden.

### 2.2.1 Samandrag

Kraftverket vil utnytte avløpet frå eit nedbørsfelt på 8,4 km<sup>2</sup> oppom Gjerstadfossen i eit bruttofall på 178 meter frå kote 239 til kote 61. Det skal leggjast ei røyr gate på 730 meter. Kraftstasjonen skal byggjast omlag 200 meter søraust for Gjerstad Kyrkje, og vil ha ein turbin på 990 kW.

### 2.2.2 Hydrologi og tilsig

NVEs avrenningskart er brukt for å finne spesifikk avrenning. Det viser 110 l/s km<sup>2</sup>. Med eit nedslagsfelt på 8,4 km<sup>2</sup> vert det totalt 29,2 mill m<sup>3</sup> vatn for året og middelvassføring på 930 l/s.

Figur 2 side 7 viser nedslagsfeltet.

#### Valg av referansevassdrag

I 2004 lagde NVE eit notat med hydrologisk informasjon. Då vart Ullebøelv brukt som referanse. Ettersom Ullebøelv var prega av vår- og haustflom, tørre somrar og større høgdeintervall, vart denne elva forkasta då det vart trong for ein meir utførleg analyse til konsesjonssøknaden. Ullebøelv ligg høgare og lenger inn i landet, og har nok mykje meir snø i nedbørsfeltet om vinteren.

I 2008 vart BKK engasjert for å kome med ei ny hydrologisk vurdering, dei valde å bruke VM 55.4 Røykenes som referansefelt. Røykenes ligg i Os kommune, ca 30 km søraust for Gjerstad. Det har ein lang observasjonsserie, og nedbørfeltet har ei lokalisering og ein karakter som er rimeleg lik Gjerstad. Dei parametrane som her er lagt vekt på er avstand frå kyst, høgdefordeling, snaufjellsprosent og samsvarande avrenning.

**Tabell 1: Samanlikning av parametrar for referansevassdrag**


Lokalitet	Måleperiode	Feltareal km <sup>2</sup>	Snaufjell (%)	Eff. sjø (%)	Q <sub>N</sub> (61-90)* l(s km <sup>2</sup> )	Q <sub>N</sub> målt l(s km <sup>2</sup> )	Høgdeintervall (moh)
Røykenes	1934-dd	50,0	31,6	2,24	100,7	100,2	53-962
Ullebøelv	1927-dd	8,3	89	1,31	99,7	94,8	340-880
Gjerstad		8,4	85	1,4	110,2		235-674

\* Q<sub>N</sub>(61-90) er årsmiddelavrenning berekna frå NVEs avrenningskart

I perioden 1975-1982 var det ein stasjon for måling av nedbør på Gjerstad (som søkjar var observatør for i yngre dagar). Her er månadsmiddel for desse målingane tekne inn for å vise variasjonar gjennom året. Målingane er skalerte for å gi same middel som avrenninga.

**Tabell 2: Månadleg middelvassføring i Gjerstadfossen, basert på to referansar**


	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Røyk	0,96	0,86	0,86	0,83	0,75	0,60	0,60	0,73	1,24	1,27	1,31	1,15
Ullebø	0,72	0,59	0,49	0,84	1,94	1,09	0,55	0,61	1,33	1,24	0,72	0,72



**Figur 4: Månadleg middelvassføring, i m<sup>3</sup>/s, samanlikna med nedbørsmålingar på Gjerstad i perioden 1975-1982**


Diagrammet saman med lokal kjennskap til snøforhold viser at Ullebøelv gir eit feil bilete når det gjeld flomtap om våren. På den andre sida ser det ut til å kunne bli større flomtap om hausten på Gjerstad enn det Røykenes tilseier, men dette er basert på kun 7 år med målingar.

Den årlege variasjonen er vist i figur 5. Denne viser at 1976 var det tørraste året med 599 l/s, og 1967 var det våtaste året med 1404 l/s.



**Figur 5: Årsmiddel avrenning frå 1961 til 2010, i m<sup>3</sup>/s, basert på Røykenes.**

Den viste varighetskurva er laga av BKK Produksjon AS. Middelafløpet er 930 liter/sekund.




**Figur 6: Varighetskurve utarbeidd av BKK Produksjon. Normalavløp=930 l/s**

I tillegg til den hydrologiske vurderinga har søkjar analysert tidsseriane med enkle Excel-funksjonar. Det gir dette reknestykket for nyttbart vatn:

<b>Årsproduksjon med Røykenes som referanse</b>			
Total vassmengde, kbm/år	29 200 000	100%	Dagar
-tapt vassmengde pga for lite vatn	167 000	0,6 %	29
-tap pga minstevassføring på 52 liter/sekund	869 000	3,0 %	196
-flomtap, med slukeevne på 700 liter/sekund	15 088 000	52,0 %	140
Sum brukbart vatn	12 903 000	44,4 %	
<b>Årsproduksjon med dette vatnet</b>	<b>5 080 000</b>	<b>kWh</b>	

**Tabell 3: Rekneskap for berekning av årsproduksjon**



**Figur 7: Illustrasjon av berekning av årsproduksjon.**

Berekinga og ein analyse av tidsserien er illustrert i figuren over. Denne kurva viser døgnmiddelvassføringane sortert i stigande rekkefølge. Data er frå Røykenes i perioden 1961-2010. Forklaring til figuren:

- Lengst til venstre er dei 29 dagane med for lite vatn til at kraftverket vil kunne kjøre
- Midtpartiet viser dagar då kraftverket vil gå med redusert effekt. Kraftverket nyttar vassføringa minus minstevassføringa på 52 liter/sekund. Slik går det 196 dagar for året
- Til høgre er dagane med så stor vassføring at det vert flomtap. Kraftverket går for fullt og nyttar 700 liter/sekund. Dette gjeld 140 dagar
- Det som renn i elva er området mellom kurvene, altså omtrent 52 liter/sekund i 225 dagar
- Ei rute viser 25 dagar horisontalt og 250 l/s vertikalt. Arealet av ei rute representerer 540 000 liter, som her tilsvarer 0,21 GWh

### **Energiproduksjon**

Ved å bruke denne metoden på datasettet frå Røykenes og Ullebøelv, får vi dette resultatet:

**Tabell 4: Energiproduksjon med to forskjellige referansevasdrag**

Referanse	Standardavvik m <sup>3</sup> /s	5-persentil m <sup>3</sup> /s	Energiproduksjon GWh
Ullebøelv	1,63	0,035	4,27
Røykenes	1,22	0,061	5,08

Standardavvik og 5-persentil referer til døgnmiddelavrenning for perioden 1961-2010.

Med Røykenes som referansevasdrag vert den månadlege produksjonen:

**Tabell 5: Månadleg kraftproduksjon**

Mnd	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Sum
MWh	406	325	401	480	487	350	339	359	465	521	502	444	5079

Energiproduksjonen er lagd med fylgjande føresetnader:

- Slukeevne 700 l/s
- Røyr diameter 600 mm, det gir grovt rekna falltap på 8,2 m ved maks slukeevne
- Verknadsgrad 0,85 for turbin og generator, denne er høg, men turbinen går for fullt i nesten 40% av tida

### **Måledammen**


Det er tydeleg at det er stor usikkerhet i berekninga av produksjonen. I tillegg til usikkerhet i valg av referansevasdrag, er det usikkerhet i avrenningskartet til NVE.

For å få betre datagrunnlag for å berekne produksjonen, vart det i november 2010 sett opp ein provisorisk måledam ved det planlagte inntaket på kote 237. Dammen vart sett i drift 14. april 2011, og kalibrert med vassføringsmålingar utført av BKK. Føremålet med måledammen er å kontrollere og eventuelt justere varighetskurven som er brukt, samt gi ein peikepinn på lavvassføringa.

Måledammen var bygd av tømmerstokkar, med 120 graders V-overløp. Botnen i V-en var 23 cm over botnen i elva, og toppen av demningen var 92 cm over elvebotnen.

Erling Birkeland, som er grunneigar rett ovanfor garden min, påstod at demningen førte til stuing og flom på hans eigedom. Etter ei synfaring av NVE vart det bestemt at dammen skulle rivast.

Måledammen vart fjerna 28. februar 2012. Då var det svært høg vannstand, 122 cm var den høgaste som var målt. Før og etter rivinga vart vannstanden i elva målt tre stader oppom måledammen, som vist på kartet. Rivinga føregjekk fort med tømmerkran, og førte ikkje til merkbar høgare vannstand lenger nede i elva.




Målarane var trelekter som var festa til 20 kg tunge lodd. Eg sette eit merke ved aktuell vasshøgde før dammen vart riven, og målte kor mykje vasshøda hadde gått ned etter riving. Resultatet vart slik:

Punkt nr	Skildring	Avstand langs elva frå demning	Endring i høgde etter riving
1	I eigedomsgrensa	120	12 cm
2	Ved stor bjørk	190	2 cm
3	Ved det lågaste punktet der elva rann over	210	0 cm

Det er derfor ikkje grunn til å påstå at demningen fører til stinking og flom så langt oppe i elva. Men observasjonen kan gi ein god peikepinn på kor høg kant det kan vere på inntaket. Dersom toppen av demningen vert bygd 25 cm lågare enn måledammen, bør ikkje naboen merke noko til demningen.

Skjemaet "Dokumentasjon av hydrologiske forhold for små kraftverk" er laga av Ingvill Stenseth ved BKK Produksjon AS, vedlegg 4

### 2.2.3 Inntaket



**Figur9: Skisse over inntaksområdet**

Inntaket skal plasserast på kote 239, som er øvst i fossen. Dette er den naturlege plasseringa av inntaket, lenger oppe har elva for lite fall. Rett bak inntaket er det ein liten kulp, der kan lausmassane fjernast for å lage eit basseng på 2500 m<sup>2</sup> for å få betre straumforhold. Det er nok ikkje meir enn 0-1,5 meter ned til fjell, så volumet blir på omlag 2000 m<sup>3</sup>. Då vil vatnet roe seg ned før det når inntaket. Vannstanden her vil hevast med maksimum ein meter, men ikkje så høgt at det fører til ulemper for drenering lenger oppe. Erfaringar frå måledammen vil vise kor mykje vatnet kan hevast, i verste fall kan ikkje vatnet hevast i det heile. Det vil då verte vanskelegare å få til ein skjerm som fungerer, og røyret og senkinga må senkast meir. Det vert eit inntaksbasseng som ikkje får nokon reguleringsfunksjon.

Inntaket skal utformast slik at det vert mest mogeleg jamn vannstand i dammen. Botnen i dammen vil bli ujamn og skrånande, så låg vannstand vil tørtleggje delar av botnen. Slikt tørrlagt areal er svært skjemmande, og skal unngås her.


Kanten på dammen kan plasserast under brua, slik at han vert lite synleg. Då vert denne demningen 9,5 meter lang. Basert på røynsler frå måledammen, kan demningen ha ei høgd på 67 cm over lågaste punkt i elva under brua.

Det vert ei utfordring å få inntaksrøyret lågt nok. Denne kan løysast ved å sprengje ei grøft med omlag 5 meters dybde, og leggje røyret ned der saman med røyr for nedtapping av dammen. Denne djupe grøfta vil bli omlag 50 meter lang. Inntaket må vere djupt nok til å unngå sarr og luftovermetning. Sjølvje inntakskonusen og varegrinda vert plassert i ei utsprengt senking. Rundt denne senkinga skal det støypast ein skjerm for å unngå at senkinga vert fylt opp av lausmassar. Denne skjermen får ei lengde på omlag 25 meter, og toppkanten vil vere omlag 30 cm lågare enn demningen.

Inntaket må utstyrast med ei automatisk lukkeordning som stengjer for vatn viss røyret skulle ryke.



**Figur 10: Måledammen. Inntaket er tenkt plassert til høyre for brukaret.**



**Figur 11: Skisse av inntaket**

Fleire detaljar ved inntaket er ikkje klarlagde når søknaden vart skriven. Det vert ikkje planlagt noko overføring.



**Figur 12: Måledammen sett frå Hovdavegen. Inntaket vert mindre synleg enn denne.**

### 2.2.4 Minstevassføring

Minstevassføringa skal renne gjennom eit røyrt som går frå innsida av skjermen og ut gjennom demningen. Røyret vil få ein diameter på om lag 20 cm.

Dermed skal vatnet renne slik:

Vassføring	Vatnet	Vasshøgde over røyret	Dagar/år
Over 758 liter/s	Vatnet renn over demningen. Kraftverket går for fullt, og det er flomtap, og vassføringa nedanfor er større enn minstevassføringa.	Over 70 cm	140
Mellom 83 l/s og 758 l/s	Alt vatnet renn inn i skjermen, det renn ikkje noko over demningen. Røyret for minstevassføring er fullt, og vassføringa nedanfor er minstevassføring. Vasshøgda er 30 cm under demningen, og i same høgde som skjermen.	40 cm	196
Mellom 52 l/s og 83 l/s	Kraftverket står, minstevassføringsrøyret er fullt, og det renn litt over demningen.	70 cm	4
Under 52 l/s	Kraftverket står. Alt vatnet renn gjennom minstevassføringsrøyret, som ikkje er fullt. Vannstanden innanfor skjermen er mellom toppen og botnen av minstevassføringsrøyret.	0 cm	25

Ettersom røyret er plassert innanfor skjermen, vil det vere lite utsett for planterestar og anna ureining. Ved flom vil vatnet renne utanfor skjermen, og høgt over denne.

Røyret vil liggje så djupt som råd er. Vasshøgda over røyret vil variere lite, så lenge vassføringa i elva er større enn 83 l/s, Så lenge det ikkje er flomtap, vil vasshøgda over røyret variere frå 30 til maks 50 cm.

Kalibrering og kontrollmåling kan utførast ved å koble eit om lag 6 m langt røyr til minstevassføringsrøret, og la alt vatnet renne inn i ein tank. Med 52 liter/sekund vil det ta maks 19 sekund å fylle ein 1000-liters tank.

For å få visuell kontroll av røret må det byggast ein rampe ut på skjermen, så folk kan gå utpå for å sjå. Denne rampa kan også brukast for å reinske røret. Det kan også monterast eit kamera som tar bilde av røret, til dømes kvar halvtime.

Med ei slik løysing skal alltid vatnet stå i høgde med toppen av skjermen, så sant det er meir enn minstevassføring i elva. Denne vasshøgda vert logga av kraftverket, og brukt til styring av dette. Dermed vert det søkt om at dette vert loggemetoden for minstevassføring.

Eventuelt kan minstevassføringa målast med ultralyd el.l på røret.

## **2.2.5 Rørgate**

Rørgata er vist i vedlagte kart (Vedlegg 2) og lengdeprofil i fig 13, neste side. Lengda er 730 meter, og indre diameter 600 mm. Dei fyrste 300 meter (50 meter fall) vil rørgata følgje Hovdavegen. Her er bruddkonsekvensen liten, ingen hus eller vegar, og vatnet vil fort finne tilbake til elva. Deretter svingar rørgata nordom Gråberget, gjennom ei ur, gjennom eit juletreffelt, over eit beite og ein kommunal brønn, før ho krysser Hovdavegen og ned på fulldyrka mark til kraftverket. Her er det bruddkonsekvensklasse 2.

Planen er å bruke nedgravne støypejernsrøyr eller GUP-røyr i heile traseen. Der rørgata føl Hovdavegen kan røret gravast ned i vegen, så får vegen ei god opprusting, som kan gjere det lønsamt å ta ut 500 kubikkmeter tømmer. Frå ura nordom Gråberget<sup>1</sup> må rørgata gravast ned, vonleg i lausmassar. Trasèen må anklarast med arkeologar, for det fins automatisk freda kulturminne i området. Arkeolog har vore på synfaring, og vil kome tilbake under høyringa av konsesjonssøknaden (Jfr kap 3.10).

Trasèen vert om lag 6 meter breid i anleggsperioden, så vert beitet isådd, nye juletre planta og kratt kjem opp av seg sjølv. I øvste del av traseen, der røret må sprengast fleire meter ned i fjellet, kan nok inngrepsbreidda i anleggsperioden bli noko større, opp til 14 meter. Ved inntaket eig tiltakshavar ein stor velteplass, som vil fungere som rigg og lager under bygging.

Ved det aller meste av rørgata er tiltakshavar grunneigar, så det vil ikkje bli noko konflikt med andre grunneigarar. Trasèen består av plantefelt og beite, i eit breidt belte. Bortsett frå ved den kommunale brønnen ligg ikkje trasèen inntil spesielle område.

Der trasèen krysser den kommunale brønnen må arbeidet utførast slik at ikkje vatnet vert ureina.

Vassforsyninga er eit djupt borehol, den gamle brønnen er eit magasin for dete vatnet.


Naboen i Hovden, Frank Hovden, kan ta imot overskotsmassar. Steinmassar kan knusast til singel og brukast som omfyll på røret, og til vegar. Tiltakshavar kan også ta imot store mengder overskotsmassar, grus til kilometervis med vegar, og jord til planering.

Søkjar er grunneigar langs det meste av trasèen, men på dei nederste 120 meter er det Jostein Lien? grunneigar. Då kommunen kjøpte fallettane i 1918, måtte grunneigarane også avstå grunn til rørgate og kraftverk, så det er ei kurant sak.

Rørgata må sprengast ned opp til 5 meter ved inntaket i ei lengde på kanskje omlag 60 meter, ved Gråberget må det truleg sprengast ned 4 meter i ei lengde på 20 meter, og der ho krysser Hovdavegen rett over kraftstasjonen må det sprengast ned 3 meter i 20 meters lengde. Andre stader vil det bli sporadisk sprenging. Dette er anslag, det er ikkje gjort noko bonitering for å finne ut kor mykje lausmassar det er i trasèen.

---

<sup>1</sup> Merk at Gråberget er plassert feil på kart. Gråberget er der det står Rishaugen, og Rishaugen er lenger nede.



**Figur 13: Lengdeprofil for rørgata**

## 2.2.6 Tunnel

Det vert ikkje planlagt nokon tunnel

## 2.2.7 Kraftstasjonen

Kraftstasjonen vil bli omlag 6 meter\*10 meter, og fundamentert i fast fjell. Han skal sjå ut som ei gamaldags løe, med skifertak og brakeledning (lokal tradisjonell byggeskikk på Osterøy).

Det vil bli installert ein Peltonturbin med effekt 990 kW og slukeevne 760 l/s. Turbinen vil drive ein synkrongenerator med effekt 1012 kW og spenning 690 V. Så blir spenninga transformert opp til 22 kV.

Kraftstasjonen må også innehalde naudsynte fasilitetar for skulebesøk.



**Figur 14: Kraftstasjonen plassert i terrenget**

### ***2.2.8 Vegbygging***

Det er tømmerbilveg fram til inntaket, der er det også ein romsleg velteplass for tømmer. Det må byggjast ein enkel veg på omlag 180 meter fram til kraftstasjonen, denne vil seinare bli til nytte i landbruket. Bredde om lag 3 meter. Langs røyrgatetraséen er det tett med traktorvegar, så det er ikkje trong for meir vegbygging.

Over alt vil massar bli knuste til singel, og brukt på nye og gamle vegar. Det vil ikkje bli jordmassar til overs.

### ***2.2.9 Nettilknytning (kraftliner/kablar)***

Nettilknytning er avklart med BKK, vedlegg 7. Anleggsbidraget er antyda til kr 100 000—kr 500 000. Ei munnleg orientering frå BKK tyder på at energileddet vert omtrent null.

Det må gravast ned ei 22 kV kraftlinje til gamle Gjerstad sekundærstasjon, denne vert 450 meter lang. Den vert 95 mm<sup>2</sup>, i aluminium. Linja må krysse ei elv og ein fylkesveg, men stort sett vil linja gå i lausmassar. Grunneigarar er imøtekomande.

Områdekonsesjonær er BKK.

Det vert søkt om eigen anleggskonsesjon. BKK sitt entreprenørselskap, ENOTEK, kan byggje og drifte linja (vedlegg 7).

Kraftlinja er teikna inn på kart (vedlegg 2). Driftsavtale vert utarbeidd etter at eventuell konsesjon vert gitt. Det er kapasitet på dette nettet.

### ***2.2.10 Massetak og deponi***

Ved inntaket er det planlagt å fjerne omlag 2000 m<sup>3</sup> lausmassar for å få ein større kulp og rolegare vatn inn til inntaket, som vist på kart (vedlegg 3). Denne elvesanden kan brukast til å fylle rundt røyrgata, eller til jordbruksføremål i nærleiken. Det skal sprengast ut omlag 1000 m<sup>3</sup> fjell til

## Konsesjonssøknad Gjerstadfossen Kraftverk

inntakskulpen og grøft til røyr, desse skal knusast til grus og brukast til omfylling av røyret. Naboen til inntaket, Frank Hovden, vil ta alle massar han kan få.

### 2.2.11 Køyremønster og drift av kraftverket

Figur 7 side 13 viser køyremønsteret for kraftverket. Figuren viser at kraftverket står pga for lite vatn i 29 dagar. I 196 dagar går kraftverket men produserer mindre enn full effekt. I 140 dagar går kraftverket for fullt.

Her er det rekna med minstevassføring på 52 l/s, og maks slukeevne på 700 l/s. Ei drøfting av vassføring ved ulike slukeevner fins i kapittel 2.7 side 28

Det er ingen planar om effektkøyring.

## 2.3 Kostnadsoverslag

Gjerstadvasskraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Overføringsanlegg	
Inntak/dam	1,7
Driftsvatnvegar	3,2
Kraftstasjon, bygg	1,3
Kraftstasjon, maskin og elektro	4,6
Kraftline	0,6
Transportanlegg	0,1
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0
Uventa	1,3
Planlegging/administrasjon.	1,2
Finansieringsutgifter og avrunding	0,6
<b>Sum utbyggingskostnader</b>	<b>15,6</b>

**Tabell 7: Kostnadsoverslag**

Kostnadene er berekna av BKK, studentane Espen Nilsen og Asbjørn Valland Soldal ved HiB utførte budsjettering som ei hovudoppgåve, søkjar har brukt NVE sitt kostnadsgrunnlag samt tilfeldig informasjon frå leverandørar og utbyggjarar. Prisane er basert på alle desse kjeldene, og justert til oktober 2011. Så har dei blitt justert til 2016-nivå.

## 2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

### Fordelar

Fordelen med tiltaket er produksjon av 5 GWh fornybar energi, nok til 250 hus. Det vil gi ein lokal verdiskaping i anleggsperioden, frå kostnadsgrunnlaget kan vi trekkje ut kr 3 mill som vil gå til lokale entreprenørar. Det vil gi inntekter til Gjerstadfossen AS der Osterøy kommune har minst 40 % av aksjane, og fallrettsleigeinntekter til kommunen. Kommunen vil få eigedomsskatt og stat og kommune vil få andre skattar. Summen av fallrettsleige og eigedomsskatt til kommunen vil for dei beste åra bli omlag kr 400 000 årleg.


Tiltaket vil føre til ei opprusting av vegar i området.

Tiltaket vil nyttast i undervisning.

Tiltaket vil hjelpe Norge å nå måla i EU sitt fornybardirektiv, og gi eit bidrag til fornybar energi.

### Ulemper

Den store ulempa er at fossen frå Presttun vil bli redusert. Det vil svekke landskapsverdien. Trøysta er at det fins mange fossar i området, og ved mykje nedbør vil fossen vere stor uansett. Det same gjeld raudlisteartar, det fins mange andre fossar i området.



**Figur 15: Vassføringa i eit gjennomsnittså før og etter utbygging.**

Her er vassføringane sortert frå minst til størst, basert på 50 år med målingar.

- Lengst til venstre er dei 29 dagane med så lite vassføring at kraftverket står.
- Den midtre delen viser dei 196 dagane då kraftverket går med redusert effekt, og kun minstevassføringa renn forbi.
- Lengst til høgre er dei 140 dagane då det renn over, og vassføringa i elva er redusert med 730 liter/sekund.

Figur 16 viser fossen sett frå Presttun, ved Fv 566 med vassføring 63 liter/s. Før utbygging vil fossen ha denne vassføringa eller mindre i 29 dagar per år, etter utbygging blir det denne vassføringa 225 dagar per år.



**Figur 16: Fossen ved vassføring målt til 63 l/s, 13. aug 2011. Fleire bilder i kapittel 3.9**

## 2.5 Arealbruk og egedomsforhold


**Tabell 8: Arealbruk.**

Inntaksdam	2,5	daa	Dette arealet er myrlendt med litt granskog på	Permanent
Rørtrasè	4,4	daa	Reknar 6 meters breidde på det påverka arealet. Dette vert fort revegetert, så på sikt vil ikkje arealet få redusert verdi	Midlertidig
Kraftstasjon	0,1	daa	Dette er med ein snuplass	Permanent
Veg til kraftverket	0,7	daa	3 meter breid veg. Denne vert liggjande plant med jorda, og vil vere ein fordel for jordbruket	Permanent
Kraftlinje		daa	Reknar 2 meters breidde på det påverka arealet. Dette vert fort revegetert	Midlertidig
Sum	7,8	daa	Av dette er 3,3 daa permanent	

### *Eigedomsforhold*

Søklar er grunneigar til inntaksdammen og det meste av rørtrasèen. I skøytet som handlar om fallrettane ligg det også naudsynt grunn til vegar og tomt til kraftverket, dette kjem til å liggje på egedomen til Jostein Lien. Kraftlinja må krysse egedomane til Rasmus Solberg og Jon Presttun. Desse grunneigarane er munnleg orienterte om planane, og er imøtekomande. Så i tillegg til falleigar som er Osterøy Kommune vert desse berørt, alle høyrer heime på Osterøy:





**Figur 18: Visualisering av Loneelva med sidegreiner.**

Figuren viser greinene til Loneelva, der lengdene på greinene står i forhold til nedslagsfeltet. Gjerstadfossen står for 15% av nedbørsfeltet, inklusive restfeltet. Det er ikkje godt å skildre lengden av elvene, ettersom dei forgreiner seg heile tida. Den horisontale streken viser lengda av hovedelva med plassering av sidegreinene. Kraftverket vil liggje omlag 5 km frå utløpet.

### ***Vernegrunnlaget, generelt***

I verneplanen står følgjande: ”*Vernegrunnlag: Beliggenhet. Vassdraget er viktig del av en lavereliggende øy der landskapet er styrt av geologiske strukturer. Stort naturmangfold knyttet til elveløpsform, vannfugler og laks. Store verdier knyttet til kulturminner og kulturlandskap. Friluftsliv er viktig bruk.*” <http://www.nve.no/PageFiles/2647/Rapporter%20og%20utredninger/060.4z-Loneelvi.pdf?epslanguage=no>.

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med det generelle vernegrunnlaget

### ***Vernegrunnlaget—naturmangfald***

I den vedlagte rapporten om biologisk mangfald for influensområdet, vert verdien av biologisk mangfald vurdert til *middels-liten*.

Det har blitt observert hegre i influensområdet, men berre sporadisk. Fossekallen hekkar i området, det har også blitt observert vintererle. Slegg av minstevassføring og utsetjing av rugekassar vil vere eit avbøtande tiltak.

I stortingsproposisjonen er det nevnt raudlistearter: Kystprikklav, randprikklav og kastanjelav, og elvemusling førekjem.

Ingen av raudlistearter er funne av biologen Kristian Spikkeland, som utarbeidde rapporten om biologisk mangfald, han såg heller ikkje at det kunne vere relevant med elvemusling i det bratte elveløpet.

### ***Kulturminne og kulturlandskap***

Det er mange gravhaugar og andre automatisk freda kulturminne i restfeltet. Søkjar har hatt arkeolog på befarig, og det vil nok la seg gjere å leggje røyrigata utanom kulturminna. Kulturlandskapet vert påverka ved at det kjem inn to nye element, inntaksdam og kraftstasjon. Desse elementa vil bli utforma slik at dei ikkje vil verke skjemma.

### ***Nasjonale laksevassdrag***

Loneelvi har blitt foreslått som nasjonal lakselv, men vart ikkje teken inn. Langs og ovanfor den berørte elvestrekninga er det ikkje laks, kun bekkeørret.

**Ev. andre planar eller verna område**

Herlandsnesjane naturreservat ligg 5 km nord for nedslagsfeltet, i nedslagsfeltet til Herlandsfossen kraftverk.

**Inngrepsfrie naturområde (INON)**

Noko av nedslagsfeltet er INON sone 3 (1 km – 3 km frå tyngre teknisk inngrep). Korkje inntaket, røyrkata eller kraftverket vil påverke dette området, det vil ikkje bli redusert.

**2.7 Alternative utbyggingsløyningar**

Hovudalternativet er inntak på kote 235, kraftverk på kote 61, maksimal slukeevne 700 l/s og minstevassføring på 52 l/s, for å imøtekomme kravet på maks 1000kW installert effekt i verna vassdrag.

Det har blitt vurdert å flytte kraftstasjonen lenger opp, men alle slike alternativ har blitt forkasta. Den svekka lønsemda står ikkje i forhold til verdien av ei meir skånsom utbygging.

Ei slukeevne på 700 l/s tilsvarer 75% av middelvassføringa i fossen. Utbygging med lågare slukeevne er vist i tabell 10. Tabellen tar utgangspunkt i hovudalternativet, så vert det vist forskjell i produksjon og investeringskostnad. Resultatet kan også lesast av figur 7 side 13. Redusert slukeevne gir utslag i høgre del av figuren, auka minstevassføring gir utslag i venstre og midtre del av figuren.

**Tabell 10: Vassføring i elva ved forskjellige valg av maks slukeevne**

%	Qmaks	Røyrdiam	Dagar med Q<	Dagar med Qmin	Dagar med Q>	Effekt, kW	Årsprod, GWh	Utbygg. kostnad Mill kr	Pris kr/kWh
40	372	450	22	148	194	506	3,20	12,4	3,88
50	465	500	28	160	177	639	3,79	13,0	3,43
60	558	550	28	177	160	765	4,33	13,2	3,05
70	651	600	29	187	144	898	4,83	13,7	2,83
